



Øyvind Eidsheim  
TOTLAND 65  
5993 Ostereidet

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 22/3187 - 22/28928

Saksbehandlar:  
Anngunn Marie Gullbrå  
anngunn.gullbra@alver.kommune.no

Dato:  
12.04.2022

## Melding om utført endring av bygningstype GBNR 237/3

Viser til innsendt søknad om bruksendring for våningshuset. Byggesak har vurdert saka og vil gje tilbakemelding på søknaden i eige brev. (som du truleg mottok etter dette brevet)

Saka vart nylig oversendt til kart- og oppmåling for endring i matrikkel- utan byggesaksbehandling. Dette fordi det ikkje finnast byggeteikningar av dette våningshuset som seier korleis dette bygget er godkjent/bygd i utgangspunktet, og lokalkjennskap til at det har vore og er 2 bueiningar i dette huset.

Bygningstypen er no endra frå type 113 våningshus, til type 123 våningshus, tomannsbustad/vertikaldelt. Det er registrert 2 bueiningar og tildelt eit ekstra husnummer / adresse (Totland 67) til bueininga lengst mot aust. Du vil få eige vedtak om adressetildelinga.

Me har registrert tal rom for dei 2 bueiningane i matrikkelen utifra innsende skisse, men det manglar oppgitt bruksareal BRA ( innvendig måleverdig areal) for kvar etasje og for dei ulike bueiningane i bygget. For rett registrering i matrikkelen treng me eventuelt få dette oppgitt, eller få betre målsatta teikningar.

Vedlagt ligg matrikkelrapport for bygget som viser kva som var registrert i matrikkelen før endringa, og kva som er registrert i matrikkelen, etter endringa

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Kart og oppmåling

Anngunn Marie Gullbrå  
avdelingsingeniør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**  
237-3-våningshus etter retting

**Vedlegg:**

237-3-våningshus før retting

**Mottakrar:**

Øyvind Eidsheim

TOTLAND 65

5993

Ostereidet